



På dagar som i dag, er nærleiken til stranda gull verd.

**Det er sommarferietid, og no har vi også fått skikkeleg sommarver. Det som vi måtte venta så lenge på i år! Å, så herleg når sommaren kjem. Det er ei god tid både for store og små. Borna og personalet i Uskedal barnehage, har sendt oss denne koselege sommarhelsinga som vi formidlar til lesarane:**

Eit innhaldsrikt barnehageår går mot slutten, og eit nytt barnehageår står for døra.

Men før den tid har vi den gode sommaren. Sommartida i barnehagen vår er ei fin tid. Dei faste planane våre legg vi til sides, og vi tek dagen som den kjem. Ein kan kanskje tru at dagane blir lange, og vanskelig å fylla? Ein trur kanskje at barna kjedar seg når bestevennen er gått ut på ferie, og at det ikkje er noko kjekt å gjera på?



Herrrleg!

I Uskedalen barnehage er vi så heldige å vera ein del av Uskedalen oppvekstsenter. Samstundes som barnehagen vår ligg nærme naturen på alle kantar. Så og seia vegg i vegg med barnehagen ligg «skulestranda». Vi er så heldige å ha eit eldorado av mogleikar i nærmiljøet vårt, og desse nyttar vi flittig. Strandliv, leik, klatring i klatreveggen, leik i gymsalen, vatneleik i barnehagen, og turar kring i nærmiljøet. Ungane sine ynskje er viktige, og i sommarmånadene med mindre barn på avdelingane, og planane lagt til sides, formar vi mykje dagen etter barna sine ynskje og behov.





Å klatra i klatreveggen er kjekt.

Med dette vil barn og voksne i Uskedalen barnehage ynskja alle ein strålende sommar!

Personalet vil takke for eit godt barnehageår og godt samarbeid med føresette, skulen, verksemder i nærmiljøet, og bygdefolket.

Vi ser fram til eit nytt barnehageår saman med dykk, og ynskjer særskilt nye barn og føresette velkommen til oppstart av nytt barnehageår i august.

På vegner av barn og personale i Uskedalen barnehage:

Ann Irene Sæle  
Styrrar.



Til topps er målet!

Foto: Alle foto er frå barnehagen sin aktivitet i dag, 02.07.2015.  
Nett: Thor Inge Døssland.